

Styret i IL Rein ynskjer å fremje forslag til årsmøte på å opprette ei anleggsgruppe

Styret i IL Rein ser i den daglege drifta at mykje av ansvar for oppfølging av anlegg til tider kan gå utover tida ein har til å planlegge aktivitet i dei enkelte gruppene. Utan anlegg får me ikkje aktivitet, men skal gruppene bruke mykje tid på å tenke anlegg får me heller ikkje aktivitet. Me har også dyrt utstyr som løypemaskin som krev at me har dedikert og utpekt personell med ansvar for oppfølging og service. Forslaget for styret er å opprette ei anleggsgruppe som har fylgjande ansvarsområde, men ikkje avgrensa til:

- Ljosløype
- Fotballbane
- Sundflaten klubbhus
- Fotballbod
- Løypemaskin
- Vidare utvikling av anlegg
- Ansvar for prosjektplan i idrettslaget
- Budsjettansvar for gruppa anlegg og eigendom

Ved eit vedtak vil beskriving og ansvar inkluderast i dokument "Handlingsplan IL REIN"